Referat frå årsmøtet 2017 i Holsen Grendalag

12.03.17 kl. 19:30

Møtestad: Holsen Skule

Alle i styret møtte: Jan Solsvik, Stig Arve Holsen Foss, Øystein Holsen, Hanne Høgseth og Trine Renate Vallestad

Det møtte 9 personar i tillegg til styret.

Sakliste:

Sak 1. Konstituering

a) Godkjenning av innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent.
b) Val av møteleiar: Jan Solsvik
c) Val av referent: Trine Renate Vallestad
d) Val av to til å skrive under møtebok: Kay Egil Heimestøl og Egil Vallestad
e) Val av teljekorps: Gro Reiersgård

Sak 2. Årsmelding 2016

Leiar las årsmeldinga.

Kommentarar:
Økonomi: ein kunne med fordel ha nemnt at underskotet kjem av store utgifter til gatelys.

Veglys: Kva har Førde kommune med veglysa i Viskedalen å gjere? Styret svarte at Førde kommune skal betale for straumen, og at dei må gje si godkjenning før vi kan kople til lysa.

Sak 3. Rekneskap 2016

Kasserar las opp rekneskapen.

Kommentarar:
Vi må hugse at laget har ein ungdomskonto der det står i underkant av kr. 10.000, i tillegg til kontoane som er nemnt i rekneskapen. Dei bør kunne brukast til noko som vedkjem ungdomen i bygda. Styret svarte at grendalaget ikkje kan bruke pengane på denne kontoen

utan godkjenning frå årsmøtet. Kontoen vart sist nytta i forbindelse med grindbygget som står på skulen sin eigedom, då årsmøtet vedtok å bruke kr. 15.000 frå ungdomskontoen.

Ungdomskontoen burde stå oppført under laget sine eigedelar, slik at årsmøtet ser at den eksisterer.

Sak 4. Innmeldte saker

Dei innmelde sakene ligg som vedlegg til referatet.

1. Saker frå valnemnda

Leiar las opp dei to sakene frå valnemnda, som var forslag til vedtak dei meiner styret bør gjere.

Kommentarar:
Framlegget blir formelt feil, då det er årsmøtet som skal gjere vedtak, ikkje styret.

Det er omfattande å imøtekomme forslaga, sidan det medfører endring av vedtektene.

Sak 1: Det er kun dersom det er spesielle årsaker til at leiar må trekke seg frå vervet sitt, at nestleiar skal rykke opp som leiar. Dette skal då også vere midlertidig. Ein nestleiar skal ikkje risikere å måtte overta leiarvervet på årsmøtet, fordi ein ikkje har funne ein leiar. Dette vil gjere det vanskelig å få folk til å vere nestleiar også.

Sak 2: Det står allereie i vedtektene at valnemnda skal skaffe styremedlemmer, og at det deretter er styret som konstituerer verva. Unntaket er leiar som skal velgast av årsmøtet.

Vedtak:
Det vart einstemmig vedteke at ein skal forhalde seg til dei vedtektene som er.

2. Rydding av boss langs Holsavatnet og langs vegane i bygda

Kommentarar:
Dette er eit godt forslag, men grendalaget burde då koordinere eit samarbeid/dugnad med andre lag og organisasjonar, sjølvstendig næringsdrivande og private i bygda.

Om ein organiserer rydding langs vegen, må det søkjast og skiltast sidan det er arbeid på vegvesenet sin grunn.

Ein må søkje for kvar 1,5 km. langs hovudvegen. På kommunale vegar, som vegen inn i Nydalen, er ikkje dette nødvendig. Alternativet er å prøve å få til eit samarbeid med Mesta, slik at dei kan stå som ansvarlege for arbeidet.

Det nye styret får finne ut kva som går å gjere utan at det blir for mykje byråkrati. Ein kan oppmode private, via Facebook o.l., om å rydde på eige initiativ. Kanskje ein kan utvide den dugnaden ein har i mai.

Vedtak:
Det nye styret ser på dette.

3. Skeivt vegskilt ved Holsen skule

Kommentarar:
Dersom ein uansett skal gjere noko med skiltet, kunne ein gjerne ha flytta det litt også. Per i dag er det berre strekningen frå Stranda og inn til skulen som er Holsen, i følgje skilta. Då har vi to moment:

1) Rette opp skiltet som er skeivt
2) Flytte det eine skiltet.

Dette må vi ta kontakt med vegvesenet om.

Vedtak:
Det nye styret tek seg av dette.

Sak 5. Saker frå styret

1. Adresseplan frå Førde kommune

Leiar las opp brevet han har motteke frå Førde kommune, der innbyggarane blir oppmoda om å komme med forslag til vegnamn. Fristen er 31. mars.

Kommentarar:
Det er viktig å komme med forslag.

Dersom det er same retningslinjer her som i andre kommunar, må det vere knytt fem husstandar til vegen for å kunne få eit eige vegnamn.

Grendalaget burde sende inn forslag frå årsmøtet, slik at kommunen ser at dette har vore oppe til diskusjon og at bygdefolket har ei meining. Det er likevel viktig at også private sender inn forslag.

Vedtak:
Styret skal skrive eit skriv til Førde kommune, og informere om at årsmøtet har kome med følgjande forslag:

Vegen til

- Fletene: Fletene
- Skorpa: Skorpevegen
- Hovudvegen: Holsenvegen, evt. Holsen

Styret må også kontakte nokre av dei som bur i byggefeltet på Høgset, for å få ei formeining om kva namn dei føretrekk, slik at styret kan komme med forslag også der.

2. Heimeside for Holsen

Hausten 2016 vart origo lagt ned, og det blei oppretta ei gruppe for Holsen grendalag på Facebook. Denne sida nyttar grendalaget og andre i bygda for å dele og gi informasjon. Sidan det er langt frå alle i bygda som er på Facebook, ynskjer styret å få oppretta ei heimeside for Holsen.

Kommentarar:
Godt forslag.

Det kan vere dyrt å opprette og drifte ei heimeside. Det er gjerne muleg å søkje etter Holsen grendalag på nettet, og så finne Facebooksida, sjølv om ein ikkje er registrert som brukar på Facebook. Styret svarar at det vil bli ein årleg kostnad, men at det sannsynlegvis er snakk om nokre hundrelappar. Pål Gunnar Smådal har sagt seg villig til å hjelpe med å opprette heimesida, på dugnad. Ei heimeside for Holsen er meint å kunne vere ein felles portal, der ein skal kunne finne informasjon om alt som har med Holsen å gjere. Ein kan fortsette å oppdatere Facebook-gruppa også, sidan vi når ut til mange der.

Ein kan jo gjerne kunne få knytt opp nokre annonseinntekter også.

Sak 6. Budsjett

Kasserar las opp budsjettet for 2017.

Kommentarar:
Budsjettert underskot er kr. 50.100, noko som er større enn det budsjetterte underskotet frå veglys (kr. 45.000). Det blir dermed ikkje rett at alt underskotet skal dekkast av dei øyremerka lysmidlane. Styret takka for å bli gjort merksame på dette, og vil korrigere budsjettet.

Ein kan gjerne gi bygdefolket ei påminning om at grendalaget er registert som grasrotmottakar hos Norsk Tipping. Påminninga kan blant anna skje via gruppa som Holsen Grendalag har på Facebook.

Sak 8. Tiltakspris

Ann Maria Nydal og Eventyrstallen er nominert. Frist for å melde inn eventuelle andre kandidatar blir satt til 01. april.

Sak 11. Val etter § 5 i vedtektene

Valnemnda ved Helen Sørsund leia valet.

Forslaga frå valnemnda var følgjande:

Styre:

Leiar for eitt år: Sveinung Nydal
Styremedlem for to år: Øystein Holsen (attval)
Styremedlem for to år: Trine Renate Vallestad (attval)

Stig Arve Holsen Foss og Hanne Høgseth stod ikkje på val.

Vara:

Maylinn Reed og Hildegunn Kvamme

Revisor:

Johannes Fleten og Atle Holsen

Valnemnd:

Aud Røstenskar	1 år
Helen Sørsund	2 år
Gro Reiersgård	3 år

Vara: Ingvar Lunde

Forslaga frå valnemnda vart godkjent.

Merknader:
Det kom spørsmål om det er slik at dei som vil ut av styret, har ein frist å halde seg til for informere valnemnda. Det blei kommentert at det ikkje kan vere slik at ein har ein siste frist, då det kan skje ting i tida før årsmøtet som gjer at ein likevel ikkje har høve å vere med i styret lenger. Det står også i vedtektene at dei som står på val skal spørjast av valnemnda om dei stiller til attval. Dersom eit styremedlem imidlertid har bestemt seg for å gi seg, bør vedkommande seie frå om dette så snart som mogeleg, slik at valnemnda får best muleg tid til å finne ein erstattar.

Det er viktig at ein fortsetter praksisen som ein følger i dag, med at valnemnda får beskjed så snart styret har satt dato for årsmøtet. Styret kan då også informere om kven av dei som står på val.

Godkjenning av møtereferat:

EGIL VALLESTAD
Egil Vallestad

Kay Egil Heimestøl
Kay Egil Heimestøl

Saker til Årsmøtet 12.mars 2017

17.02.2017

Sak 1 til Årsmøtet:
Styret bør lage eit vedtak på: Når **Leier trekker seg/ikkje stiller til gjenval** og ingen andre vil overta, er det den som er nestleiar som må overta.

Sak 2 til Årsmøtet:
Styret bør lage eit vedtak på: Når både **Leier/ Kasserer/evn. nestleiar trekker seg/ikkje stiller til gjenval** , og ingen ønsker å overta desse verva,
Bør styret ha eit styremøte der dei eventuelt om rokerer internt på verva, slik at **det berre er styremedlemmer** valnemnda skal skaffe.

MVH
Valnemnda Holsen Grendalag 2017
Aud, Tone og Helen

Jan Solsvik

Fra: Alf Foss <alfjofo@online.no>
Sendt: 13. februar 2017 19:14
Til: mur-puss@online.no
Emne: Sak til årsmøtet 12.03.-17/ Tiltaksprisen 2016

Sak til årsmøtet i Holsen Grendalag 12.03.17.

1. Rydding av boss langs Holsenvatnet og langs vegane i bygda.

2. Skiltet "Holsen" ved Holsen skule står på hell. Ta kontakt med kommunen/ Mesta om å rette det opp.

Forslag til tiltaksprisen 2016:

Ann Maria Nydal og Eventyrstallen.

Mvh Torlaug Anne Holsen